



Gulen kommune
– historisk og framtidsetta



Konsekvensutgreiing

(planomtale og vedlegg)

for

kommuneplan for Gulen

revisjon av arealdel



Periode 2012-2024



Gulen kommune

Konsekvensutgreiing planomtale

Sak: 13/1091
JP 14/

Versjon:

Forslag PLT / FVR,

14. januar 2014

Samråding med Planforum

15. oktober 2013

Vedtak formannskapet 1. gongs offentleg ettersyn:

30. januar 2014

1.gongs offentleg ettersyn:

30.1.14 – 4.4.14

Vedtak kommunestyret:

12. juni 2014

Konsekvensutgreiing planomtale

Innholdsliste:

1.0	Innleiing	3
	<i>Kart 1: plassering av delplanane i Gulen kommune:</i>	<i>5</i>
1.1.	Metode og rettleiar for konsekvens utgreiing	5
	<i>Tabell 1: tema for konsekvensutgreiing</i>	<i>8</i>
1.2.	Overordna samla vurdering	9
1.2.1	Miljøtema:	9
1.2.2	Samfunnstema:	12
2.0	Oversikt av innspel og oppsummert tilråding	21
	Delkart for Bygdene:	21
	Oversiktskart Indre Gulen (nr 01 gjeld Brekke som bygd)	22
	Oversiktskart Ytre Gulen (nr. 02 gjeld Dalsøyra,03 gjeld Byrknes som bygd).....	22
	Oversikt av nye forslag for akvakultur	23
	<i>Tabell 2: merknader i høyringsrunde for planoppstart med planprogram</i>	<i>24</i>
	Vedlegg: ROS metode	25
	Vedlegg: Planføresetnader og overordna rammer	28
	Vedlegg: Reguleringsplanar innanfor planområdet.....	29
	Kjelder:	30

Oversikt av separate vedlegg:

Klikk på linken:

[→Vedlegg til konsekvensutgreiing - Tabellar](#)

Bygdeanalyse for

[→Brekke,](#)

[→Dalsøyra](#)

og

[→Byrknes](#)

Sjekklister for vurdering konsekvensar for nye forslag viser me til rettleiar med linkane.

Grunnlag for konsekvensutgreiing og revidering av arealdelen, sjå

[→Temakartboka](#)

Kjelde: Bilete på framside viser 3D ortofoto over Gulen

1.0 Innleiing

Orientering om Gulen kommune:

Geografi/natur

Kystkommunen Gulen ligg heilt sørvest i Sogn og Fjordane på grensa til Hordaland, og mellom Sognefjorden og Fensfjorden. Landarealet på 596 km² inneheld ein variert og spennande natur med cirka 2400 øyar, holmar og skjer, og eit fastland som er prega av små dalføre på kryss og tvers i landskapet. Spennet er langt frå dei yste nakne øyane mot Nordsjøen i vest, til dei frodige landbruksbygdene mellom dei ville fjella i aust, mot Stølsheimen. Dei 2305 fastbuande (status jan 2014) bur spreidd i landskapet, og fordeler seg ganske jamt i dei fire skulekrinsane Brekke, Dalsøyra, Eivindvik og Byrknes.

Kommunikasjonane nord- og sørover er gode. Frå kommunegrensa i sør er reisetida omlag 1 time med bil til Bergen, medan det tek under 1½t å køyre til Bergen eller Førde frå Oppedal ferjekai nordaust i kommunen. Snøggbåtar tek deg trygt og raskt til Bergen, Fjordane og Indre Sogn.

Oversikt av geografi for Gulen:

Geografi	Tal (x)	Sjøkant Lengde (km)	Areal (km ²)
Sjø	1		386
Fast land	1	267	472
Øyar, holmer og sker	Ca. 2398	929	125
Totalt	Ca. 2400	Ca. 1200	983

Næringslivet

Næringslivet i Gulen er prega av mange små verksemder. Omlag 170 gardsbruk i aktiv drift gjer landbruket til ei viktig næring. Tradisjonelt fiskeri har og lange tradisjonar. I dei seinare åra har havbruk vorte ein viktig del av næringsgrunnlaget. Med 20 laksekonsesjonar i drift er Gulen den største havbrukskommunen i Sogn og Fjordane. Det vert også satsa på fiskeforedling.

Gulen kommune ligg innafor verkeområdet til dei distriktpolitiske verkemidla, og har god tilgang til finansieringsordningar innafor næringsutvikling, m.a. gjennom Innovasjon Norge og kommunale fond til næringsretta tiltak.

Ledige areal til industriføremål finst m.a. i Brekke (Ortneset), Eivindvik og Sløvåg. Sløvåg-området, som har Mongstad rett på andre sida av fjorden, er utpeika som eit av satsingsområda for ny industri i Sogn og Fjordane.

Bustadbygging

I Gulen er det romsleg med areal og låge grunnprisar. Dette gjev høve til større tomter enn det som er vanleg i meir tettbygde strok. Byggjeklare tomter finst i alle skulekrinsane.

Kultur og reiseliv

Gulen har ei rik soge. Gulatinget, som var det første landsdelstinget i Noreg og ein viktig grunnstein i oppbygginga av statsapparatet etter samlinga av Noreg til eit rike, var skipa i Gulen ein gang før år 900. Gulatinget held til i Gulen i over 400 år, til det vart flytta til Bergen rundt år 1300. Dei to vakre steinkrossane i Eivindvik og døypefonten av stein i Gulen Kyrkje, alle truleg frå omlag år 1000, er av dei finaste tidlege kristne minnesmerka i landet, og syner at Gulen låg sentralt til i vikingtida.

Konsekvensutgreiing planomtale

Gulatinget er vald til Tusenårsstaden i Sogn og Fjordane. Skulptøren Bård Breivik har utforma ein ruvande skulpturpark på naturskjønne Flolid, 3 km frå Eivindvik, ei verdig markering av denne viktige kulturarven som me kan ause kunnskap av også i dag, til dømes om korleis lovar vert til, korleis folk kan løyse konflikhtar utan å ty til vald, og i det heile korleis eit demokratisk samfunn vert bygd opp.

Gulen kommune har fleire forhistoriske automatisk freda kulturminne og mange av dei ligg i strandsona. Kulturminna varierer i både type og alder; frå steinalderbuplassar til gravrøyser og gamle kyrkjestader. Elles finn vi kulturmark og kulturlandskap i heile kommunen. Stein er ofte brukt som byggematerie i bygningar knytt til jordbruksdrift, og set spor i landskapet i form av steingardar, utmarkshus og i naust.

Reiseliv

Gulen vert eit stadig meir populært reisemål. I Ytre Gulen kan du oppleve rorbu- og fiskeferie i vakker skjergard. Innover i kommunen vert det og satsa på turisme basert på natur og friluftsupplevingar.

Gulen Fiskarbondemuseum vart oppretta for å ta vare på saga om den tradisjonelle levemåten i Gulen, med "eitt bein i sjøen og eitt på land". Museet har vorte eit spanande reisemål for alle som vil vita meir om kystkultur. Andre viktige og levande kulturminne i kommunen er Sellevåg Treskofabrikk og Vassbruksmiljøet i Midt-Takle.

Gulen er ikkje berre en kommune med historisk sus – på seinsommaren kvart år samlar festivalen Utkant tusenvis av menneske til fantastiske konsertopplevingar i havgapet på Skjerjehamn. Her står kongestatuen i kulturhistorisk prega tidlegare handelssted

Konsekvensutgreiing planomtale


Konsekvensutgreiing:

Konsekvensutgreiing handsamar innspel i forhold til rullering av Kommuneplanen for Gulen. Konsekvensutgreiinga har to delar. Del 1 er basert på planprogram og omtalar planen. Del 2 omfattar temakartboka. I separate vedlegg liggast vurderingar og tilrådingar for kvar innspel og alternativanalyser for dei tre bygdene Brekke, Dalsøyra og Byrknes.

Jf. forskrift om konsekvensutgreiing § 9 skal for kommuneplanens arealdel utgreiast kunn dei delane av planen som fastsettar rammer for framtidig utbygging og som innehalde endringar i forhold til gjeldande plan.

Me viser til midlertidig kolonne for kvar føremål i føresegner sine tabellar med innspel nr. som referer til innspel nr. i konsekvensutgreiing, tabell og vedlagt ROS tabellar.

Kart 1: plassering av delplanane i Gulen kommune: (kommuneplanen frå 2008)



1.1. Metode og rettleiar for konsekvens utgreiing

Modellen for verdivurdering som er nytta til vurdering av innspel tek utgangspunkt i konsekvensutgreiing som vart tidlegare brukt i rullering av kommuneplanen sin arealdelen. Modellen inneheld generelle tema, noko som medfører at det er lite behov for lokal tilpassing. Nokre mindre justeringar er likevel gjort, strandsone er lagt til som eige tema.

Skjema for verdivurdering og vurdering av konsekvensar er fylt ut etter drøftingsmøte i ei administrativ arbeidsgruppe. Nokre innspel er vurdert i samrådsmøte med involverte næringsaktørar, lag og organisasjonar.

Grunnlaget for verdivurderingar og omfang av områda og konsekvensane av endra arealbruk er databasar over allereie registrert og tilgjengeleg informasjon. Sjå oversikt over kjelder vidare i denne planomtalen.

Arbeidsgruppa sin lokale kjennskap til områda ligg òg til grunn for vurderingane. Vurderingar kring stormflod legg til grunn ei middelasstandsauke på 72 cm fram mot år 2100. Ifølgje www.klimatilpassing.no betyr at gjennomsnittleg kote høgde ved stormflod kan vere 3,19 meter+ med usikkerhet 2,99 – 3,54 meter+.

Konsekvensutgreiing planomtale

I ROS-analyse (samfunnstryggleik) har ein nytta sjekklista i rapporten Samfunnsikkerheit i GIS, Vestlandet- SiGVe – denne er vedlagt. Sjekklista er ikkje komplett, og ein har prøvd å ta omsyn til lokale forhold.

Dersom det vart aktuelt vart vurdert Naturmangfald (NMF) i samsvar med § 7 og § 8 -12. Nye forslag viste at § 8 om føre-var prinsipp var aktuelt i 2 nye forslag.

Gulen kommune har hatt tidlegare negativ folketalsutvikling og i siste åra blei den rimeleg stabilt (siste tal frå september 2013 er 2313). Det er i arealplanen ikkje lagt opp til utbyggingar som vil medføre ei vesentleg auke i folketalet utover det historisk har vore. Ein har i denne grov analyse lagt vekt på skred, flaum, trafikktryggleik, og branntryggleik og beredskap.

I dei høva det er naudsynt med grundigare utgreiingar vert det sett krav til dette på detaljnivå i den einskilde plan. Som ein del av planarbeidet og risikovurderingane ligg føre grundige ras og skredkart for Gulen kommune.

I vedlagt oversiktstabell med registrerte merknader / innspel vart trinnvis vurdert innspel for å ta med vidare i vidare planarbeid og detaljert analyse, vurdering og konklusjon.

Denne tabellen viser oversikt over inngåande 48+2 merknader for arealdelen:

1. Trinn 1:

Fyrste vurdering av nye forslag / innspel til endring av arealdel med sjekk mot planprogrammet og målsettinga. Den vart lagt fram til orientering i formannskapsmøte 6.6.13.

5 merknader vart vurdert til orientering,

7 merknader vart avvist grunna målsetting i planprogrammet,

andre er med vidare til andre trinn

2. Trinn 2:

andre vurdering om at nytt forslag kan prioriterast og ta med vidare med vurdering i sjekkliste og eventuelt ROS og NMF vurdering

9 merknader vart avvist i drøfting og vurdering i plangruppemøte, temamøter

andre er med vidare til tredje trinn

3. Trinn 3:

tredje vurdering om at nytt forslag krev konsekvensutgreiing (KU, ROS og NMF) eller kan godkjennast med mindre bruksendring i arealdelen, som justering.

3 merknader var avvist etter detaljert konsekvensutgreiing

12 merknader vart teke med i arealdel som mindre endring og justering i plan

14 merknader vart godkjent for å ta med vidare i planforslag for 1. gongs høyring

I tabell med oversikt av nye forslag står at det vart utarbeidd 32 sjekklister som separate vedlegg for merknader som vart teke med vidare og for nye forslag etter bygdeanalyser.

I konsekvensutgreiing, med bruk av sjekkliste, er nedanfor tema, naturressursar og konsekvensar for samfunn registrert og vurdert. Sjå også tabell 1 for oversikt i samanheng med kjent kunnskap.

Verdien av området knytt til miljø og samfunn:

Verdsett ut frå lokal, regional eller nasjonal verdi i ein skala frå 1=* 2=** 3=***.

Desse tema er vurdert:

- Naturverdi
- Kulturminne/-landskap
- Rekreasjon og friluftsliv
- Barn og unge

Konsekvensutgreiing planomtale

- Primærnæring

Skala for verdi:

*	Låg verdi:	1	Lokal interesse og verdi.
**	Middels verdi:	2	Regional interesse og verdi.
***	Høg verdi:	3	Nasjonal interesse og verdi

Omfang av området:

Omfangsvurderingane er eit uttrykk for kor store negative eller positive endringar den aktuelle arealbruken vil medføre for det enkelte område. Omfanget er vurdert i høve til alternativ 0, som er ingen endring i arealbruk i området.

Skala for omfang:

-3	Stort negativt omfang:	Tiltaket vil vere øydeleggande for det aktuelle tema
-2	Middels negativt omfang:	Tiltaket vil redusere verdien av det aktuelle tema.
-1 0 1	Lite eller ubetydeleg omfang:	Tiltaket har ingen særskilt innverknad på tema.
2	Middels positivt omfang:	Tiltaket vil betre verdien av det aktuelle tema
3	Stort positivt omfang:	Tiltaket vil i stor grad betre verdien av det aktuelle tema.

Konsekvensar av endra arealbruk, med nytt forslag:

Konsekvensane ved endra arealbruk er vurdert i ein skal frå negativ, ingen og til positiv. Desse tema er vurdert:

Miljø og naturressursar

- 1 Forurensing, klimagass, utslipp til luft, jord, vann
- 2 Støy
- 3 Sikring av jordressursar (jordvern)
- 4 Naturmangfald
- 5 Kulturminne
- 6 Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv

Samfunn:

- 1 Transportbehov
- 2 Teknisk infrastruktur
- 3 Befolkningsutvikling og tenestebehov
- 4 Samfunnstryggleik risiko og sårbarheit
- 5 Forholdet til strategi for framtidig arealbruk

Forklaring: konsekvensar (forenkla)

Negativ (-2 ... -9)	Ingen (-1 0 1)	Positiv (+2 ... +9)
---------------------	----------------	---------------------

Konsekvens	tal	verdi			
		liten	middels	stor	
omfang		1	2	3	
stor +	3	3	6	9	
middels +	2	2	4	6	
lite +	1	1	2	3	
intet	0	0	0	0	
lite -	-1	-1	-2	-3	
middels -	-2	-2	-4	-6	
stor -	-3	-3	-6	-9	

I siste kolonne:

"ikkje" = konsekvensar ikkje vurdert – ikkje relevant -> 0 = ingen konsekvensar / intet

Konsekvensutgreiing planomtale

Tabell 1: tema for konsekvensutgreiing

(oppdatert rekkjefølgje i samsvar med Vurdering av konsekvensar for endra arealbruk)

Tema	Moglege verknader	Kjent kunnskap	Utgreiingsbehov
Miljø:			
1 Forureining	klimagass og anna utslipp til luft jord vann, utbyggingsplanar energiforbruk	www.miljostatus.no VA kartbase, Energiutgreiing KDP for Klima og energi	Vidare krav for utgreiing i RP, Vurdering av nivå på utbygging, avbøtande tiltak. Redusering transportbehov.
2 Støy	Industriutbygging, trafikkplan	Støykart frå vegvesen	Støykrav kan ofte vidare førast til RP
3 Sikring av jord ressurser Landbruk og primær næring	Tap av dyrka og dyrkbar mark	Gardskart, Areal-Ressurskart	Detaljert vurdering av eventuelle enkeltområde / kjerneområdar
4 Naturmangfald Natur og Miljø BM (Dyre- og planteliv)	Nye byggeområde og auka ferdsel på sjø og land kan påverke marint og landbasert dyre- og planteliv	Kartlegging av naturtypar, EDNA, artsdatabanken	Viltkartlegging, utfyllande kartlegging av naturtypar, strandsoneanalyse del 2
5 Kulturminne og kulturmiljø	Kulturminne kan verta råka av ny utbygging og meir ferdsle.	Sefrak og Askeladden	Kartlegging av automatisk freda kulturminne i nye byggeområde, jf. kulturminne-lova § 9. Registreringa innanfor planområdet kan vere mangelfull.
6 Nærmiljø grønstuktur friluftsliv rekreasjon	Nye byggeområde kan koma i konflikt med eksisterande eller ønska bruk	FRIDA, fylkesatlas, inngrepsfri-kart Kystarven tursti prosjekt	Eksisterande og framtidig bruk, Kartlegging friområda strandsoneanalyse del 2
Landskap og strandsone	Endring av landskapet som følgje av nye byggeområde og tilretteleggingstiltak	Kommunedelplan Hyttebygging, strandsoneanalyse del 1 Skråfoto, ortofoto	Overordna landskapsanalyse for aktuelle område Strandsoneanalyse del 2
Samfunn:			
1 Transportbehov Trafikktryggleik areal og transport	Nye byggeområde, næringsaktivitet og fastlandsforbindelse vil skape auka / endra trafikk	KDP for trafikksikring (2001-2004)	Regional transport-plan for S Fj. Rullering trafikktryggingssplan
2 teknisk Infrastruktur, samferdsel og IKT	Behov for oppgradering / ny infrastruktur knytt til nye næringsområde. Auka sjøvegs transport og hamnefunksjonar.	Diverse planar og prosjekt, kommune, BKK, private	Nødvendige tiltak i utbyggingsområde Registrering fiskerihamn Rullering trafikktryggingssplan
3 Befolknings-utvikling og tenestebehov Lokalsamfunn/ barn og unge/ grunneigar /helse	Etablering av meir industri kan påverke det etablerte lokalsamfunnet Universell utforming	Barnetråkk Dalsøyra, fylkes(del)planar	Vurdere konsekvensar for lokalsamfunnet / barn og unge / grunneigar / næring Barnetråkk for andre bygdesenter Kommunal tenestebehov Folkehelse
Næring og Regional utvikling	Utvikling av næringsliv og sysselsetjing i regionen.	Regionale og statlege prosjekt	Sjå i samanheng med regionale prosjekt og analysar. ROS
4 Samfunns-tryggleik (ROS)	Nye byggeområde kan ha risiko for utslepp til sjø og luft samt andre ulykker. Havnivå-stigning, ekstrem ver	Nasjonale databasar for flaum, skred, grunntilhøve. Prognosar for endra klima og havnivå.	Eventuelt eige ROS analyse Mulig aktualisering beredskapsplan for Gulen IKP for Fensfjorden
5 Forholdet til strategi for framtidig arealbruk Busetnad	Utviding i strandsone. Tilgjenge for alle i aktuelle byggeområde.	Areal GIS analyser Strandsoneanalyse	«Robuste bygdesenter»? kommunal tenestebehov Folkehelse, samhald

Me viser til vedlegg:

→Konsekvensutgreiing «temakartboka»

1.2. Overordna samla vurdering

Ifølge tema i tabell 1 oppsummerast her temavis samla vurdering for Miljø og samfunn.

1.2.1 Miljøtema:

Miljøtema 1: Forureining

Nye forslag for bustadutvikling krevjar fokus på betring, opprusting, utviding av infrastruktur for avlaupssystemar. I arealdelen, både plankart og føresegner, vert det sett krav om detaljregulering (RP).

I noverande føremål for bustader kan ein får tilkopling på noverande tilrettelagde infrastrukturen.

Angående 11 utvidingsforslag for lokalitetar for akvakultur gjeld vart det vurdert å sjå på balansen i skjergarden for Ytre Gulen. Totalt blir 10 lokalitetar teke ut av planen. I tillegg blir eitt lokalitet flytta til utsida av molo for Nesevågen. Her ligg ventemerder for slakteriet i Nesevågen. Det har ein positiv konsekvens for Nesevågen i forhold til blant anna belastning (biomasse) på vågen.

Under rullering av arealdelen vart handsama tre søknader for dispensasjon frå arealdelen for endringsforslag av akvakulturareal, gjeld Segløy, Nodre Gladvær og Hysevika. Norde Gladvær er godkjent og dermed blei endringsforslag ikkje konsekvensutgreiast (KU) i arealdelen. Handsaming av søknaden er enno meir detaljert vurdering, i samsvar med KU. Grunneigarar på land vart involvert i vurderingar og innspel vart / vert teke med.

Samla vurdering for alle nye forslag i dei tre bygdene og andre områda for endring areal ser me lite konsekvens angående forureining.

Miljøtema 2: Støy

Ureining frå støy er mest aktuelt i områda avsett til industri. Aktuelle områda i Gulen er Skipavik, Sløvåg og Halsvik med to store areala. For alle føremål for industri vart det sett krav om reguleringsplan (RP). I føresegner vart teke med føresegner knyt til forskrift T-1442. I arealdelen blei det kartlagd omsynssone for støy (H200_) for alle industriområda.

Samla vurdering for alle nye forslag i dei tre bygdene og andre områda for endring areal ser me lite konsekvens angående støy.

Nytt forslag for oppdrett på land på Ortneset, Brekke har med sett krav om reguleringsplan som må avklare lydnivå mot bustadfelt .

På Kvernevågen, Mjømna kom inn endringsforslag for kombinert utvikling av hyttefelt og båtservice med lagring av båtar. Her må reguleringsplanen avklare lydnivå frå båtverksted mot hyttefelt.

Miljøtema 3: Sikring av jord ressursar

Ifølge ny plan- og byggingslova gjeld det er ny omsynssone for landbruk (H310_) for å sikre landbruk som sårbar areal i føremål landbruk, natur og friluftsområde (LNF).

Dette tema vart aktuelt ved vurdering av nye forslag for bustadutvikling. Me har mest mulig teke omsyn til landbruk areala for å unngå konflikter. For større areal har me kombinert begge i framstilling i plankartet. Her gjeld at det vert sett krav om reguleringsplan (RP), slik at det vert teke omsyn til landbruk på meir detaljert nivå enn arealdelen som oversiktsplan. I alle bygdene er dette aktuelt. Ut i frå historisk busetting og utvikling er det logisk også at bygdene Brekke, Dalsøyra og Byrknes utviklast på slik måte. I bygdemøter med idédugnad var det stor interesse for utvikling av bustader med store areala rundt bygdesenter. Me ser at her bør me ta trinnvis utvikling i tråd med reell trong for bustadar og ledige tomtar i bygdene. (sjå anna tema)

Konsekvensutgreiing planomtale

Med utarbeiding av strandsoneanalyse vart gjennomført kartlegging av samla areala for landskap.(sjå temakartboka)

Samla vurdering for alle nye forslag i dei tre bygdene og andre områda for endring areal ser me lite konsekvens angående sikring av jordressursar. Me foreslår å behalde kartlagde areala for spreidd bygging i LNF.

Miljøtema 4: Naturmangfald

Kommunen som planmynde er forplikta til å fylgje opp krava i §§ 8-12 naturmangfaldlova, jf. § 7. Føremålet i lova byggjer på prinsippa om at biologisk-, landskapsmessig og geologisk mangfald, samt økologiske prosessar, vert ivareteke ved berekraftig bruk og vern, jf. § 1. Dei fem prinsippa som skal vurderast er

- Kunnskapsgrunnlaget (§ 8)
- Føre-var-prinsippet (§ 9)
- Økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10)
- Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar (§ 11)
- Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (§ 11)

Ved vurdering av nye innspel og føremål innan arbeidet for konsekvensutgreiing er det brukt aktuelle registreringar i arters bestandssituasjon (artsdatabanken), naturbasen med naturtypar, EDNA-registreringar og rapportane:

- "Kartlegging av biologiske verdiar i nokre kulturlandskap i Gulen kommune i 2010",
- "Biologisk mangfald i Gulen kommune, rapport 2005:19" og
- "Notat 18.02.04: Verdifulle naturtypar i ytre deler av Gulen (øyene)", alle frå Miljøfaglig Utredning AS.

- "Planlagt steinbrot ved Sløvåg, konsekvensvurdering av inngrep med vekt på botanisk forhold", frå NNI – rapport nr. 34, des. 1998

For kvar arealvurdering vart gjennomført konsekvensvurdering, som sjekk-tabell, bygt på rimeleg vitskapeleg kunnskap. For å avklare eventuelt berøring av naturmangfald i eitt område vart vurdert delplankart med ortofoto 2009 kombinert med aktuelle temakart basert på EDNA, FRIDA, prioritert naturtypar.

I tillegg er det gjennomført strandsoneanalyse del 1 for planområde for Eivindvik-Brandangersundet-Sløvåg og del 2 for planområde rundt Byrknes, Sognefjorden, Sogne sjøen alle indre fjordane. Her vart gjort landskapelege og bygt på kunnskaps vurderingar. Utkast var sårbarheitskart som viser areal i fire fargar som ulike typar:

Sjå strandsoneanalyse for planlagt område.

Kommunen har nytta "hugselista" i vedlegg til brev frå Miljøverndepartementet til fylkesmennene datert 6.okt. 2011 som sjekklister for å ivareta omsynet til naturmangfaldet jf.§ 7.

Vurderingane etter § 8 er synte i KU-tabellen for kvart enkelt innspel (sjå miljøtema 4). Sjølv om det er gjort relativt få registreringar av biologisk mangfald i planområdet, vurderer Gulen kommune kunnskapsgrunnlaget som tilstrekkeleg for å kunne fatte eit endeleg planvedtak utan vesentleg risiko for uoppretteleg skade på naturmangfaldet.

Grunngjevinga for dette er:

- Alle byggeområde unnateke spreidd bygging tillate har krav om detaljregulering der ein skal gå meir i detaljar om konsekvensane tiltaket har – også kva gjeld naturmangfald
- Områda med spreidd bygging tillate er i all hovudsak ei fortetting av eksisterande busetjing, der kultur og natur over tid truleg ikkje har gjeve området særlege verdiar

Konsekvensutgreiing planomtale

utover det ein kan forvente å finne andre stader i planområdet.

Den samla belastninga for naturmangfaldet i planområdet vert truleg relativt lita. Områda for Brekke, Dalsøyra og Byrknes er i praksis med lite interesse for naturmangfaldet på grunn bebygd område for bygd, men utover dette området, er det framleis store areal utan planlagde tiltak som vil kunne fungere som alternative habitat og erstattande økosystem. Etersom det ikkje er planlagt større samanhengande infrastruktur eller liknande tiltak i planen, vil vurderingane kring miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar i stor grad bli eit tema for vurderingane ved detaljregulering og søknader om oppretting av ny matrikkeleining (deling). Vurderingane kring eventuelle kostnader som ein følgje av tiltak som påverkar naturmangfaldet, vil òg naturleg vurderast på eit meir detaljert nivå.

Oversikt av naturmangfald kombinert med innspel: (Sjå temakartboka)

For å unngå konsekvensar i strandsone vart det utarbeidd strandsoneanalyse med kartlegging av kulturmiljø, landbruk og sårbarheitskart samt funksjonell strandsone. Denne «byggegrense» vart brukt i vurdering av enkelte nye forslag.

I planarbeid med rullering av arealdelen vart i tillegg utarbeidd analyse for revidering av akvakulturlokalitetar i Ytre Gulen og Sognefjorden. Fleire registrerte lokalitetar vart vurdert i eige samrådsmøte med eige høyringsrunde. Av 66 lokalitetar vart 10 teke ut av planen grunna mindre kvalitet for gjennomstrauming og kollidering med hekkeplassar. 12 lokalitetar blei foreslått med endring av arealstorleiken. Dei vart vurdert i samsvar med gyteplassar og andre tema. 1 lokalitet (ventemerder) vart foreslått å flytta ut frå Nesevågen.

Miljøtema 5: Kulturminne og kulturmiljø

Me har mest mulig analysert tilgjengelege kartbasane for kartlegging av kulturminne i arealdelen. Med utarbeiding av strandsoneanalyse vart gjennomført kartlegging av samla areala for kulturmiljø.(sjå temakartboka)

For kjente og kartlagde areala vart teke med buffersone av 100 meter rundt lokalitet som omsynssone. Dersom det vart utarbeidd detaljregulering vart teke med aktuelle areala. Sjå for eksempel dei fire areala på Gulatingstaden, Flolid, Eivindvik. I føresegner vart teke med generell tema om krav for kulturminnekartlegging jf. § 9.

I dei tre bygdene er i Brekke Lovisendal mest aktuelt som viktig minne i denne rulleringa.

Samla vurdering for alle nye forslag i dei tre bygdene og andre områda for endring areal ser me lite konsekvens angående sikring av kulturminne.

Miljøtema 6: Nærmiljø grønstruktur og friluftsliv

Inkl. rekreasjon, landskap og strandsone

Med utarbeiding av strandsoneanalyse vart gjennomført kartlegging av samla areala for kulturmiljø og landskap.(sjå temakartboka)

Strandsoneanalyse viser og sårbarheitskart og funksjonell strandsone som utkast.(sjå temakartboka)

Desse temakart vart brukt ved vurdering av kvær enkelt nytt forslag i denne rulleringa.

Det vart kome inn nye forslag for fritidsbustader.

For innspel om bygging av fritidsbustader innan for planområdet til kommuneplanen i denne rulleringa har administrasjonen lagt fram førebels vurdering i formannskapsmøte 6.6.2013, med tilråding å ikkje ta med slike innspel vidare i konsekvensutgreiingar jf. godkjent målsettingar i planprogrammet.

Konsekvensutgreiing planomtale

Nedanfor tabell med oppsummering av alle inngåande innspel visast status. (sjå kap. 2) Oversikt av fritidsbustader i Gulen og tabell med planlagde og ledige tomtar. (Sjå temakartboka)

Samla vurdering for alle nye forslag i dei tre bygdene og andre områda for endring areal ser me lite konsekvens angående sikring av nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv.

1.2.2 Samfunnstema:

Samfunnstema 1 Transportbehov:

Parallelt med rullering av arealdelen vart rullert trafikktryggingssplan for Gulen. Oppstart vart gjort i 2010, grunna planlagt rullering av kommuneplanen har administrasjonen lagt framdrifta på vent, slik at bygdemøter blei samordnast.

Denne tema er mest aktuelt i vurdering av tema for vidareutvikling av bygdene. Planarbeidet viser stor trong for gang og sykkelveggar i bygdene med hovudføremål for skuleveggar.

I Brekke, Dalsøyra og Byrknes vart teke med føremål i arealdelen for vidare utarbeiding i detaljert byggeplan.

Sambindingsveggar er viktig tema i både samfunnsdelen og temakart for veggar i kommuneplanen frå 2008. Fleire alternativ er teke med i arealdelen som ikkje juridisk bindande avsetting av areal for veggar tvers på kommunen. Viktigaste mangelfull vegforbinding er mellom Instefjord-Brekke vidare til Austgulen-Eivindvik.

Vidareført frå kommunedelplan for Steine-Sløvåg-Skipavik er ny sambindingsveg frå Tidlegare ferjekai Skipavika langs Skipavika næringspark til FV4 til Brandangersundbrua som sambind Byrknes-Mjømna-Ånneland-Fivelsdal-Sløvåg.

Samla vurdering for alle nye forslag i dei tre bygdene og andre områda for endring areal ser me lite konsekvens angående sikring av transportbehov.

Samfunnstema 2 Teknisk infrastruktur:

For sambindingsveggar sjå ovanfor tema om transportbehov.

Fylkeskommunen har som overordna satsing på betring av breiband for heile fylke, og her er mobildekning og viktig å nemne. Kontakt med Ytre Gulen er ofte dårleg. Det betyr at med nye bustad og næring føremål I Byrknes dette tema er enno viktigare.

Farleier er no med i arealdelen for betre avklaring som areal i sjø. No blei vurderingar om endringsforslag for akvakultur basert på betre grunnlag.

Framstillinga av fiskerihamn i arealdelen var manglande. No er det med som føremål ferdsel (under føremål hamn i sjø / hamn) og vart merka som «FH». Gulen har 7 fiskerihamn og ein av dei, Skjerjehamn har fått godkjent kombinert føremål for tursime og fritids hamn. Samla vurdering er at forslag for kombinert bruk i fiskerihamn berre kan takast med etter godkjenning ved hamne og farvatns avdelinga i Kystverket.

Kommunen har fått data for kraftlinjer frå BKK med godkjenning for å vise som omsynssone i arealdelen knytt infrastrukturlinje. Det kan ha betyding for planlegging av nye byggingsareal med omsyn til byggegrense mot kraftlinje og vurdering av kapasitet av nettet. Bustadfelt forslag sør for Furnes fekk vurdering at noverande kraftlinje ikkje har nok kapasitet og trengst oppgradering og ikkje minst nærare framdriftsplanlegging.

Samla vurdering for alle nye forslag i dei tre bygdene og andre områda for endring areal ser me lite konsekvens angående sikring av transportbehov.

Samfunnstema 3 Befolkningsutvikling og tenestebehov:

Inkl. lokalsamfunn / barn og unge / grunneigar / helse

Noverande folketal blir rimeleg stabilt rundt 2300 innbuarar.

Ifølgje samfunnsdel og satsingsområda med strategiar vart prioritert styrking og vidareutvikling av dei fire bygdene i Gulen. Samfunnsdelen viser her satsing for «integrale tiltak». Det betyr at både busetnad, trafikk, idrett og teneste yting må utviklast i bygdene.

I vurderingar av innspel i bygdene blei innspel teke med i samanheng med andre utviklingsmuligheiter i bygdene.

Kommunedelplanar for Brekke, Dalsøyra og Byrknes frå 90-talar er revidert og i samsvar med dagens bruk og blei slik endra at bygdesenter kan utviklast betre. I Brekke blei utarbeidd muligheitsstudie for kai området. Her blei konklusjon at lokale næringsverksemd kan betre utvikle seg med utbygging som har kombinerte føremål. Det pågår byggeplan for bygg med både funksjon for forretning, kontor og leilegheiter. Same forslag vart gjort i Dalsøyra med muligheit for bruksendring i nærleiken av butikk på kaia.

I Byrknes vart foreslått å endre føremål i samsvar med dagens bruk på vestleg del av nordre sida av Nesevågen, nemleg til både naust, næring og bustad (fast utleiging av leilegheiter).

I tillegg vart vurdert plassering for hall i dei tre bygdene. Hall vart vurdert tidlegare ved rullering av kommunedelplan for Steine-Sløvåg-Skipavika. Her kom administrasjonen med forslag for å vurdere plassering når kommuneplanen som heilheit skal rullerast.

Formannskapet kom med endringsforslag for føremålsendring på området på Steine krysset for føremål både til næring og offentlege og private teneste yting.

Samtidig med rullering av arealdelen vert utarbeidd KIFA, kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet. Ei arbeidsgruppe har utarbeidd samtidig rapport med analyse og vurdering av idrettshall og symjebasseng i området for Gulen samt Masfjorden. Her blei området delt i to, «Indre og Ytre akse».

Ut ifrå arealdelen har administrasjonen konkludert at mulig avsetting areal til føremål for hall i Brekke og Byrknes ikkje er aktuelt. I Dalsøyra kom forslag for plassering bak skule ved noverande parkeringsplass.

Badeplassar vert teke med i revisjon av arealdelen i samsvar med kjente plassar frå fylkesatlas og delplan for idrett og fysisk aktivitet.

For enkelte områda vart teke omsyn til grunneigar sine synspunkt for å behalde noverande arealbruk. Sjå for eksempel LNF sør for Dalsøyra og rundt skule i Brekke.

Samfunnstema 4 Samfunnstryggleik:

Risiko og Sårbarheit (ROS)

Gulen kommune har gjennomført ROS analyse i forhold til beredskapsplan, ferdigstilt den 11.10.2011, som vart vedteke i møte 25.10.2011.

Sjekkliste for ROS er brukt som heilskapleg overordna vurdering i forhold til aktualitet i denne planen. Ikkje alle hendingar er aktuelt for kvar innspel som blir vurdert.

Dersom det er aktuelt for enkle situasjonar, vart det gjort nærare vurdering i konsekvensutgreiing av innspel (nye forslag).

Tabell: **ROS sjekkliste for kommunale areal- og reguleringsplanar**

(kjelde: "GIS i samfunnssikkerhet og arealplanlegging") ***

Konsekvensutgreiing planomtale

*** Viktig: Denne sjekklista er ikke komplett, men den kan være et hjelpemiddel i den kommunale planprosessen vedrørende risiko- og sårbarhetsforhold ved utarbeidelse av arealplaner. Også andre forhold enn de som står oppført her vil kunne ha betydning for planarbeidet, en sjekkliste må tilpasses lokale forhold.

I kolonne «aktuelt Ja/Nei» står overordna vurdering om hending er aktuelt for kvar enkelt innspel og endringer i denne rulleringa av arealdelen.

Hending / Emne:	Problemstillingar:	Aktuelt Ja/Nei	Overordna Vurdering / merknad
NATURRISIKO			
Skred /Ras/ustabil grunn (Snø, is, stein, leire, jord, fjell)	Utgjør fare for ras, flom osv. så stor fare at arealer ikke bør bebygges?	Ja	Potensial fare. I arealplankart er faresoner synleg som det er aktuelt ved planlagd <u>og noverande bygningar</u> . Det er sett krav for detaljregulering og nærare utgreiing for ROS.**
	Bør det stilles krav om spesielle tiltak ved bygging, f.eks. sikring av kjellere mot oversvømming?	Nei	Ikkje aktuelt i planområde.
	Planlegges ny utbygging i områder der veinettet er utsatt for ras eller flom, slik at bebyggelsen står i fare for å bli isolert i perioder?	Nei	Det er mogleg for alternativ veg.
	Vil ras utgjør noe fare for planlagte kraftlinjer, hovedvannledninger eller annen ny infrastruktur.	Nei	Potensial fare for nye trasear som er bandlagt i planen. Ansvar for nærare utgreiing ligg ved tiltakshavar som søkar konsesjon ved NVE.
Klima - endringar	Flom i vassdrag / vassveg	Nei	Potensial fare. I arealplankart er byggegrense synleg som det er aktuelt ved planlagd og noverande bygningar. Det er sett krav for detaljregulering og nærare utgreiing for ROS.**
	Stormflo	Ja	Tatt høgde for i planen omsynsone – stormflo kote 3,54 meter+. Sjå føresegner. <u>Kan vere aktuelt ved planlagd og noverande bygg.</u>
	Vind-/ekstremnedbør	Ja	Tatt høgde for i planen i innspel for småbåthamn.
Skog/lyngbrann	Er det fare for omliggende bebyggelse?	Nei	Fare vurdert til å vere særst liten.
Radon	Planlegges utbygging i områder der det har vært registrert høye verdier av radon i grunn/bygningar?	Nei	Ikkje aktuelt i planområde
VIRKSOMHETSRIKHO			
